



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 08.12.2015

Sak nr.: 15/11936-3

Internt l.nr. 53422/15

Sak: 49/15

Tittel: **Petroleumsrådet - Endring av reglement og val for valperioden 2015 - 2019**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Reglementet for petroleumsrådet vert endra slik:

Under § 2- Val og samansetnad, vert det gjort følgjande endringar i reglementet:

- a. «Fylkesvaraordføraren» kjem inn som nytt andre kulepunkt
- b. Eksisterande tredje kulepunkt vert endra til «To ordførarar frå kommunar med særleg interesse i sektoren»
- c. Eksisterande fjerde kulepunkt vert endra til «Inntil to fagpersonar som har god kunnskap om næringa

2. Følgjande vert valde som medlemmer i petroleumsrådet:

Jenny Følling (Sp)

Åshild Kjelsnes (Ap)

Anne Lilleaasen (frå hovudutvalet for næring og kultur)

Ola Teigen (ordførar i Flora)

Halvard Oppedal (ordførar i Gulen)

Som nestleiar i Petroleumsrådet vert vald: Ola Teigen

Endringsframlegg:

Venstre sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget ber om at det i løpet av 2016 vert lagt fram ei sak om omgjering av Petroleumsrådet til eit Energiråd, med mandat om å arbeide for å styrke industriell utnytting av energiressursane i Sogn og Fjordane med hovudvekt på fornybare energiressursar. I ei slik sak om omgjering frå Petroleumsråd til Energiråd skal også samansetjinga av utvalet vurderast på nytt.

Fylkestinget sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget ber om at arbeidet som er i gang med å få etablert energiforum / energiråd; med mandat om å arbeide for å styrke industriell utnytting av energiressursane i Sogn og Fjordane med hovudvekt på fornybare energiressursar; vert lagt fram som sak.

Avrøysting:

Framlegget frå Venstre fekk 4 røyster og framlegget fall.

Framlegget frå fylkestinget og tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Reglementet for petroleumsrådet vert endra slik:

Under § 2- Val og samansetnad, vert det gjort følgjande endringar i reglementet:

- a. «Fylkesvaraordføraren» kjem inn som nytt andre kulepunkt
- b. Eksisterande tredje kulepunkt vert endra til «To ordførarar frå kommunar med særleg interesse i sektoren»
- c. Eksisterande fjerde kulepunkt vert endra til «Inntil to fagpersonar som har god kunnskap om næringa

2. Følgjande vert valde som medlemmer i petroleumsrådet:

Jenny Følling (Sp)

Åshild Kjelsnes (Ap)

Anne Lilleaasen (Frå hovudutvalet for næring og kultur)

Ola Teigen (ordførar i Flora)

Halvard Oppedal (ordførar i Gulen)

Som nestleiar i Petroleumsrådet vert vald: Ola Teigen

3. Fylkestinget ber om at arbeidet som er i gang med å få etablert energiforum/energiråd, med mandat om å arbeide for å styrke industriell utnytting av energiressursane i Sogn og Fjordane med hovudvekt på fornybare energiressursar, vert lagt fram som sak.